



Samferdselsdepartementet
Veg- og baneavdelingen
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200802866-31/027/BJORMI

Dykkar ref.:
09/278 - BO

Bergen, 12. februar 2009

Høyringsuttale - forvaltningsreforma - lovforslag

Vi viser til brev datert 16.1.2009 med to høyringsnotat med lovforslag knytt til forvaltningsreforma. Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune har i møte 11.2.2009 gjeve slik innstilling til fylkesutvalet:

- "1. Fylkesutvalet er samd med Samferdselsdepartementet i at det er behov for ei lov som kan sikra at det vert ei smidig og ryddig overføring av rettar og plikter ved gjennomføringa av forvaltningsreforma. Det er viktig å hindra at kontraktar vert terminerte og at viktige vegprosjekt vert stogga eller forseinka.*
- 2. Fylkesutvalet føreset at staten i samband med overføringa/omklassifiseringa gjev fylkeskommunane økonomisk kompensasjon for å utbetra dei aktuelle vegstrekingane som ikkje har god nok teknisk standard - i samsvar med §7 i vegloven. Desse midlane må oyremerkast dei einskilde prosjekt. Fylkesutvalet føreset at det i tida framover vert gjeve tilstrekkeleg med midlar til å sikra at ferjene stettar krava i lover og forskrifter og krav til universell utforming.*
- 3. Fylkesutvalet vil også understreka at kontraktar som Statens vegvesen inngår eller forlengjer før 2010, ikkje må leggja opp til auka standardar eller auka økonomisk omfang, utan at det skjer i nært samarbeid med den aktuelle fylkeskommunen. Fylkeskommunane må frå 2010 ha tilstrekkeleg handlingsrom til å tilpassa og utforma samferdselspolitikken innanfor eige fylke innanfor overordna nasjonale rammer.*
- 4. Fylkesutvalet vil rå til at garantiansvaret etter ordninga om "betinga refusjon" vert overført til vegeigar.*
- 5. Fylkesutvalet er samd i dei føreslegne endringane i vegloven §2 (om namneendring), §52 (om registrering i grunnboka), §29 (om byggegrense) - og at ein ikkje endrar klagereglane i vegloven §11.*
- 6. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkeskommunane vert takststyresmakt for fylkesvegferjene i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet.*
- 7. Fylkesutvalet er kritisk til at samferdselsdepartementet kjem med pålegg og instruksar for korleis fylkeskommunane skal byggja ut, vedlikehalda, drifta og forvalta det framtidige fylkeskommunale vegnettet - inklusive tunnelar, bruer og ferjer. For sterke sentrale føringar vil verka undergravande for forvaltningsreforma som ei lokaldemokrati reform. Fylkeskommunen føreset at dei sjølve kan velja arbeidsform og intern*

organisering i samsvar med prinsippet om rammestyring. Fylkesutvalet går difor i mot dei foreslegne endringane om forskriftsfesting i

- a) Vegtrafikkloven §40a
- b) Vegloven §16
- c) Vegloven §62

8. Fylkesutvalet legg til grunn at ressursar til strategisk planlegging og utgreiingsarbeid vert tilført direkte til fylkeskommunane og ikkje til ein sams vegadministrasjon i Statens vegvesen. Ved ein slik modell vert det eit klårare skille mellom bestillar og utførar. Fylkeskommunane må bli styrka med ressursar knytt til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakkar, budsjett, ferjedrift og klagehandtering.

9. Fylkesutvalet rår til at vegdistrikta i Statens vegvesen vert endra slik at dei følgjer fylkesgrensene og at leiar av fylkesvegkontora bør ha tilstrekkelege fullmakter i høve til kontakten med fylkeskommunen.

10. Fylkesutvalet rår til at fylkeskommunane overtar ansvaret for å godkjenna bompengepakkar som gjeld lokale og regionale vegar.”

Vedlagt følger fylkesrådmannen si saksutgreiing. Fylkesutvalet skal handsama uttalen 18.02.2009. Moglege endringar etter handsaminga i fylkesutvalet vil verta ettersendt.

Med helsing


Magnus Vestrheim


Bjørn Inge Midtgård



Arkivsak 200802866-26
Arkivnr. 027
Saksh. Midtgård, Bjørn Inge

Saksgang	Møtedato
Samferdselsutvalet	11.02.2009
Fylkesutvalet	18.02.2009

HØYRINGSUTTALE - FORVALTNINGSREFORMA – LOVFORSLAG

SAMANDRAG

Samferdselsdepartementet har i brev datert 16.01.2009 oversendt to høyringsnotat med forslag til lovendingar knytt til forvaltningsreforma. Det eine notatet omhandlar forslag til ny "lov om overføring av rettigheter og forpliktelser" ved gjennomføringa av reforma. Det andre notatet gjeld forslag til endringar i vegloven og vegtrafikkloven. Både forslaga vil bli innarbeida i ein odelstingsproposisjon som vil bli fremma for Stortinget i vårsesjonen 2009. Samferdselsministeren har vedteke at høyringsfristen kan setjast kortare enn i "utredningsinstruksen" pkt. 5.2". Høyringsfristen er 12.2.2009. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslaga for fylkespolitisk uttale.

Forvaltningsreforma inneber ei stor overføring av ansvar, oppgåver og økonomiske verdiar frå stat til fylkeskommune. Øvrige riksvegar og øvrige riksvegferjer vert eit fylkeskommunalt ansvar. Fylkesrådmannen vil understreka, til liks med fleirtalet i kommunal- og forvaltningskomitéen i merknad i Innst. O. nr. 30 (2008–2009) frå 9.12.2008, at overføringa gjer at ein betre vil kunna sjå vegsektoren i eit heilskapleg regionalt utviklingsperspektiv.

Fylkesrådmannen viser også til at fleirtalet i komitéen, i merknadar i same innstilling, føreset at det vert stilt tilstrekkeleg kompetanse til rådevelde ved overføringa og at staten og fylkeskommunane vert samde når det gjeld dei økonomiske forholda knytt til oppgaveoverføringar.

Fylkesrådmannen er kritisk til at samferdselsdepartementet kjem med pålegg og instruksar for korleis fylkeskommunane skal byggja ut, vedlikehalda, drifta og forvalta det framtidige fylkeskommunale vegnettet. For sterke sentrale føringar vil verka undergravande for forvaltningsreforma som ei lokaldemokrati reform. Fylkeskommunane må ha fridom til å velja arbeidsform og intern organisering i samsvar med prinsippet om rammestyring.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ressursar til strategisk planlegging og utgreiingsarbeid vert tilført direkte til fylkeskommunane og ikkje til ein sams vegadministrasjon i Statens vegvesen. Ved ein slik modell vert det eit klårare skille mellom bestillar og utførar. Fylkeskommunane må bli styrka med ressursar knytt til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakkar, budsjett, ferjedrift og klagehandtering. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til brev frå KS til Statens vegvesen om "Forvaltningsreformen og konsekvenser for organiseringen av Statens vegvesen" lagt ved saka.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet er samd med Samferdselsdepartementet i at det er behov for ei lov som kan sikra at det vert ei smidig og ryddig overføring av rettar og plikter ved gjennomføringa av forvaltningsreforma. Det er viktig å hindra at kontraktar vert terminerte og at viktige vegprosjekt vert stogga eller forseinka.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at staten i samband med overføringa/omklassifiseringa gjev fylkeskommunane økonomisk kompensasjon for å utbeta dei aktuelle vegstrekningane som ikkje har god nok teknisk standard - i samsvar med §7 i vegloven. Fylkesutvalet legg også til grunn at det i tida framover vert gjeve tilstrekkeleg med midlar til å sikra at ferjene stettar krava i lover og forskrifter.
3. Fylkesutvalet vil også understreka at kontraktar som Statens vegvesen inngår eller forlengjer før 2010, ikkje må leggja opp til auka standardar eller auka økonomisk omfang, utan at det skjer i nært samarbeid med den aktuelle fylkeskommunen. Fylkeskommunane må frå 2010 ha tilstrekkeleg handlingsrom til å tilpassa og utforma samferdselspolitikken innanfor eige fylke innanfor overordna nasjonale ramar.
4. Fylkesutvalet vil rå til at garantiansvaret etter ordninga om "betinga refusjon" vert overført til vegeigar.
5. Fylkesutvalet er samd i dei føreslegne endringane i vegloven §2 (om namneendring), §52 (om registrering i grunnboka), §29 (om byggegrense) - og at ein ikkje endrar klagereglane i vegloven §11.
6. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunane vert takststyresmakt for fylkesvegferjene i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet.
7. Fylkesutvalet er kritisk til at samferdselsdepartementet kjem med pålegg og instruksar for korleis fylkeskommunane skal byggja ut, vedlikehalda, drifta og forvalta det framtidige fylkeskommunale vegnettet - inklusive tunnelar, bruer og ferjer. For sterke sentrale føringar vil verka undergravande for forvaltningsreforma som ei lokaldemokrati reform. Fylkeskommunane må ha fridom til å velja arbeidsform og intern organisering i samsvar med prinsippet om rammestyring. Fylkesutvalet går difor i mot dei føreslegne endringane om forskriftsfesting i
 - a) Vegtrafikkloven §40a
 - b) Vegloven §16
 - c) Vegloven §62
8. Fylkesrådmannen legg til grunn at ressursar til strategisk planlegging og utgreiingsarbeid vert tilført direkte til fylkeskommunane og ikkje til ein sams vegadministrasjon i Statens vegvesen. Ved ein slik modell vert det eit klårare skille mellom bestillar og utførar. Fylkeskommunane må bli styrka med ressursar knytt til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakkar, budsjett, ferjedrift og klagehandtering.
9. Fylkesutvalet rår til at vegdistrikta i Statens vegvesen vert slege saman slik at dei følgjer fylkesgrensene og at leiar av fylkesvegkontora bør ha tilstrekkelege fullmakter i høve til kontakten med fylkeskommunen.
10. Fylkesutvalet rår til at fylkeskommunane overtar ansvaret for å godkjenna bompengepakkar som gjeld lokale og regionale vegar.

Paul M Nilsen

Magnus Vestheim

Vedlegg:

Brev frå Samferdselsdepartementet datert 16.01.2008 med to høyringsnotat.

Brev frå KS til Statens vegvesen datert 14.01.2008

1. Innleiing

Samferdselsdepartementet har i brev datert 16.01.2009 oversendt to høyringsnotat med forslag til lovendringar knytt til forvaltningsreforma. Det eine notatet omhandlar forslag til ny "lov om overføring av rettigheter og forpliktelser" ved gjennomføringa av reforma. Det andre notatet gjeld forslag til endringar i vegloven og vegtrafikkloven. Både forslaga vil bli innarbeida i ein odelstingsproposisjon som vil bli fremma for Stortinget i vårsesjonen 2009. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslaga for fylkespolitisk uttale.

2. Om forslag til ny lov om "overføring av rettigheter og forpliktelser"

Bakgrunn for lovforslaget

Samferdselsdepartementet legg til grunn Ot. prp. nr. 10 (2008 – 2009) der det vert uttalt at fylkeskommunen overtar frå staten ansvaret for øvrig riksvegnettet med den standard det har og tilhøyrande rettar og plikter slik dei er på overtakingstidspunktet.

Overføringa av ansvar for øvrige riksvegar og opptak av fylkesveg og kommunal veg til riksveg reiser problemstillingar knytt til korleis ny vegstyresmakt kan tre inn i tidlegare veghaldar sine ulike rettsforhold, og om dette må regulerast i lov eller om dei rettslege posisjonane kan overførast på anna vis.

Grunngjeving for lovforslaget

Samferdselsdepartementet ser ikkje på dagens lovverk som tilstrekkeleg til å sikra ei effektiv og likearta overføring av staten sine rettar og plikter til fylkeskommunane og likearta handsaming av tredjeperson, ved sjølve overføringa/omklassifiseringa av vegnettet.

Ved kreditorskifte, situasjonar der staten har krav mot andre, vil tredjemann ikkje kunna motsetja seg at staten fører over eigarskapen til krava til fylkeskommunane.

Ved debitorskifte, situasjonar der staten har plikter mot andre, vil staten ikkje utan vidare kunna føra desse over til fylkeskommunane. Ei slik overføring føreset at kreditor er samd. Dersom det ikkje oppstår semje, må overføringa vera heimla i lov. I dei fleste kontraktane som Statens vegvesen har inngått som gjeld anlegg av ny veg eller drift og vedlikehald heiter det at

"Verken entrepenøren eller byggherren kan overdra sine kontraktsforpliktelser utan at dette er særskilt avtalt"

Det kan og tenkjast at enkelte entrepenørar ikkje ønskjer å ha ein fylkeskommune i staden for staten som kontraktsmotpart. For å hindra driftsforstyringar ved at kontraktar vert terminerte, ser Samferdselsdepartementet på

"bestemmelser i lovs form som den eneste forsvarlige og praktiske løsningen for frigjørende overdragelse av statens forpliktelser og rettigheter til fylkeskommunen og Oslo kommune."

Forslag til lovtekst

"§ 1 Formål

Formålet med denne loven er å gi overgangsbestemmelser i tilknytning til overføring av øvrig riksvegnett ved gjennomføring av forvaltningsreformen.

§ 2 Overføring av rettigheter og forpliktelser

Fylkeskommunen overtar statens rettigheter og forpliktelser knyttet til riksveg og riksvegferjeforbindelse som omklassifiseres til fylkesveg og fylkesvegferjeforbindelse ved

gjennomføring av forvaltningsreformen, med frigjørende virkning for staten. Tilsvarende gjelder for Oslo kommune ved omklassifisering av øvrig riksveg til kommunal veg i Oslo.

Det som er bestemt i paragrafen her, gjelder tilsvarende ved overføring av rettigheter og forpliktelser der staten tar opp fylkesveg og kommunal veg til riksveg ved gjennomføring av forvaltningsreformen.

Fordringshaver og annen rettighetshaver kan ikke motsette seg overføring etter første og annet ledd eller gjøre gjeldende at overføringen utgjør en bortfallsgrunn for rettsforholdet.”

Om ”betinga refusjon”

Lovforslaget inneber at fylkeskommunane må overta eventuelle statlege plikter knytt til garantiordninga på bompengeprojekt etter ordninga om ”betinga refusjon¹”, utan at dette vert økonomisk kompensert frå staten.

I nokre stamvegprosjekt har fylkeskommunar vedteke betinga refusjon frå den fylkesfordelte ramma til øvrig riksvegnett. I Hordaland gjeld dette Hardangerbrua med betinga refusjon på 100 mill. 2004 kr. (fylkestingvedtak frå 15.12.2004). Etter Samferdselsdepartementet sitt syn er dei aktuelle fylkeskommunane forplikta til å følgja opp vedtaka også etter at forvaltningsreforma er gjennomført:

” Det innebærer at aktuelle fylkeskommuner etter at reformen er gjennomført, må bevilge eventuelle refusjonsmidler gjennom sine fylkesbudsjetter”

3. Om forslag til endringar i vegloven og vegtrafikkloven

Bakgrunn for lovforslaga

Gjennomføringa av forvaltningsreforma gjer det nødvendig å gjera endringar i vegloven og i vegtrafikkloven. Høyringsnotatet frå Samferdselsdepartementet inneheld omtale av og forslag til nødvendige lovendringar innanfor vegsektoren.

Inndeling av vegnettet og omklassifisering

Til §2 i vegloven: Nemninga ”stamveg” fell vekk. Alle riksvegar kor ansvaret ikkje vert overført til fylkeskommunen, skal kallast ”riksveg”. Samferdselsdepartementet foreslår i §62 tredje ledd i vegloven, i samband med gjennomføringa av forvaltningsreforma, at Stortinget kan leggja ned og ta opp riksvegar utan å følgja reglane i §§3 og 7 i vegloven.

Overføring av eigedomsrett

Overføringa av ansvaret for øvrig riksvegnett inneber at fylkeskommunane vert eigar og rettshavar av dette vegnettet med tilhøyrande grunn (jf. vegloven §52). Departementet går inn for at det ikkje skal betalast dokumentavgift eller tinglysingsgebyr ved skifte av eigar ved omklassifisering av offentleg veg. Samferdselsdepartementet foreslår ei endring av §52 i vegloven om at omregistrering av eigar og rettshavar i grunnboka og andre offentlege registre i samband med omklassifiseringa av offentleg veg skal skje ved namneendring.

Vedtaksstyresmakt og klageorgan

Samferdselsdepartementet rår til at ein ikkje endrar klagereglane i vegloven §11. Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen vert klageinstans i dei tilfella kor førsteinstansvedtaket er fatta av riksvegstyresmaktene før forvaltningsreforma trer i kraft.

Nasjonale føringar knytt til standard for offentleg vegnett

Samferdselsdepartementet viser i høyringsnotatet til Innst. S. nr. 166 (2006-2007) kor Stortinget har understreka kor viktig det er med ein god standard på det fylkeskommunale vegnettet, eit akseptabelt nivå på veginvesteringane og ein fullgod trafikktryggleikspolitikk i alle fylkeskommunar.

¹ Om betinga refusjon – sjå Håndbok 102, <http://www.vegvesen.no/binary?id=14136>

I høyringsnotatet tek Samferdselsdepartementet til orde for å forskriftsfesta eller vurdere å forskriftsfesta nasjonale føringar (bindande reglar) knytt til standarden på det fylkeskommunale vegnettet:

”Departementet vil vurdere om det er nødvendig å gi nasjonale føringar om minstestandard for tiltak ved utbygging og vedlikehold av fylkeskommunalt vegnett (tiltaksstandard).”

”Nasjonale føringar er aktuelt for å ivareta nasjonale interesser i turistvegar og vernede vegar og objekter og nasjonalt beredskapsarbeid, og for at staten kan følge opp sitt ansvar for nasjonale registre, vegtrafikksentralene med mer.”

”Det kan være aktuelt å gi enkelte nasjonale føringar om minstestandard ved fylkeskommunenes drift av fylkesvegnettet (tilstandsstandard).”

”Samferdselsdepartementet foreslår en endring i forskriftshjemmelen i § 16 slik at det sikres tilstrekkelig hjemmel for departementet til å gi forskrifter om minstestandard ved drift og vedlikehold og annen oppfølging av offentlig veg.”

”Statens vegvesen bør etter Samferdselsdepartementets mening fortsatt ha ansvar for fellesoppgaver på tvers av vegklasser. Eksemplar på slike fellesoppgaver er vegtrafikksentralene og de nasjonale dataregistrene. Departementet foreslår en ny forskriftshjemmel i vegloven § 62 for å kunne pålegge respektiv vegmyndighet å sørge for og å dekke utgiftene til at nødvendige data fortløpende samles inn og rapporteres i standardiserte formater til vegtrafikksentralene og nasjonale registre.”

”Av hensyn til ferjedriften og ut fra beredskapshensyn er det aktuelt med nasjonale føringar forstandardisert utforming ved ombygging og anlegg av nye ferjekaier på offentlig veg og nasjonale føringar for minimum gjennomkjøringshøyder og aksellast for kjøretøyer inne på ferjer som trafikkerer samband på riks- og fylkesvegnettet”

Om tunnelar

Tunnelforskrifta:

” Departementet legger derfor til grunn at kravene i tunnelsikkerhetsforskriften skal fortsette å gjelde for de omklassifiserte tunnelene. Departementet vil i det vidare arbeidet vurdere om tunnelsikkerhetsforskriftens virkeområde også skal utvides til å omfatte alle tunneler over 500 meter på det samlede fylkesvegnettet etter iverksettelse av forvaltningsreformen. Oppgradering av eksisterende vegtunneler i forhold til kravene i forskriften kan ha betydelige økonomiske konsekvenser som må utredes nærmere ved eventuell utvidelse av forskriftens virkeområde.”

Om bruer

Samferdselsdepartementet vurderer det som mest ”hensiktsmessig” at Vegdirektoratet får eit landsdekkjande ansvar for at også bruene i det framtidige fylkesvegnettet ”gis en betryggende kontroll og godkjenning”.

Særskild om ferjer

Samferdselsdepartementet vil på eit seinare tidspunkt vurdere behovet for nasjonale føringar om krav til ferjemateriell i fylkesvegsamband, med bakgrunn i regelverket etter yrkestransportlova.

Byggegrense langs fylkesveg

Vegloven §29 andre ledd første setning vert endra slik at den generelle byggegrensa langs fylkesvegar vert 50 meter. Den er i dag 50 meter for riksvegar og 15 meter for fylkesvegar. Fylkeskommunen vil på særskilde fylkesvegstrekingar kunna setja byggegrensa til 15 meter.

Oppgåver innanfor generell vegplanlegging og kollektivtransport

Fylkeskommunane får ved omklassifiseringa og gjennom auka rammetilskott større ansvar for tiltak som kollektivfelt, terminalar, busshaldeplassar m.m. på fylkesvegnettet. Fylkeskommunen skal i tillegg ha ein viktig samordningsfunksjon i forhold til den totale kollektivtrafikken i sitt fylke, inklusive jernbane og ekspressbuss.

Staten skal på si side framleis ha ansvaret for tilrettelegging for kollektivtransport på riksveg (eit justert stamvegnett) og for å følgja opp andre nasjonale oppgåver knytt til kollektivtransporten på offentleg veg. Bompengesaker skal framleis handsamast av Stortinget og staten vil ha ansvar for å sikra nasjonale oppgåver i desse sakene - også i det førebuande arbeidet.

Sams vegadministrasjon for riks – og fylkesvegar

Samferdselsdepartementet legg til grunn at det skal vera ein sams vegadministrasjon for riks- og fylkesvegar i Statens vegvesen stilt til disposisjon for staten og fylkeskommunane. Det er føreset at fylkeskommunane skal nytta seg av den kompetansen som er i den sams vegadministrasjonen.

Det kan også vera aktuelt å styrka kompetansen i fylkeskommunen:

”Overføring av ansvaret for øvrig riksvegnett og styrking av fylkeskommunene som regionale plan og utviklingsaktører, vil kunne utløse behov for styrking av fylkenes kompetanse på enkelte områder.”

”Den økte satsingen på veg utløser et økt behov for å styrke også administrative funksjoner. En slik vekst bør først og fremst kanaliseres til fylkene. Dette må følges opp i de årlige budsjettene.”

Men etter samferdseldepartementet sitt syn vil det ikkje vera ønskeleg at ei slik styrking skjer ved å redusera Statens vegvesen sin kompetanse. Samferdselsdepartementet er særleg interessert i å få høyringsinstansane sitt syn på punktet om sams vegadministrasjon.

Trafikktryggleik – heimel for forskriftsfesting

Fylkeskommunen har i dag, etter vegtrafikkloven § 40a eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket. Etter samferdselsdepartementet sitt syn er det avgjerande for den vidare utviklinga av trafikktryggleiksbiletet at Staten gjennom forskrifter kan sikra at dei ulike oppgåvene og tiltaka som Statens vegvesen i dag utfører knytt til trafikktryggleiksarbeidet på vegnettet som skal overførast, også blir ivaretatt etter 2010. Samferdselsdepartementet foreslår i §40a andre ledd i vegtrafikkloven ein heimel for forskrifter om trafikktryggleikstiltak.

4. Fylkesrådmannen sine merknadar

Forvaltningsreforma inneber ei stor overføring av ansvar, oppgåver og økonomiske verdiar frå stat til fylkeskommune. Øvrige riksvegar og øvrige riksvegferjer vert eit fylkeskommunalt ansvar. Fylkesrådmannen vil understreka, til liks med fleirtalet i kommunal- og forvaltningsmteén i merknad i Innst. O. nr. 30 (2008–2009) frå 9.12.2008², at overføringa gjer at ein betre vil kunna sjå vegsektoren i eit heilskapleg regionalt utviklingsperspektiv.

Fylkesrådmannen viser også til at fleirtalet i komiteén, i merknadar i same innstilling, føreset at det vert stilt tilstrekkeleg kompetanse til rådvelde ved overføringa og at staten og fylkeskommunane vert samde når det gjeld dei økonomiske forholda knytt til oppgaveoverføringar.

Fylkesrådmannen sine merknadar til forslag til ny lov om ”overføring av rettigheter og forpliktelser”

Fylkesrådmannen er samd med Samferdselsdepartementet i at det er behov for ei lov som har kan sikra at det vert ei smidig og ryddig overføring av rettar og plikter ved gjennomføringa av

² <http://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Odelstinget/2008-2009/inno-200809-030/2/#a2.2>

forvaltningsreforma. Det er viktig å hindra at kontraktar vert terminerte og at viktige vegprosjekt vert stogga heilt eller vert forseinka.

Fylkesrådmannen vil også understreka at kontraktar som Statens vegvesen inngår eller forlengjer før 2010, ikkje må leggja opp til auka standardar eller auka økonomisk omfang utan at det skjer i nært samarbeid med den aktuelle fylkeskommunen. Fylkeskommunane må frå 2010 ha tilstrekkeleg handlingsrom til å tilpassa og utforma samferdselspolitikken innanfor eige fylke innanfor overordna nasjonale rammer.

Fylkesrådmannen konstaterer at lovforslaget set til side reglane i §7 i vegloven der det framgår at vedtak om omklassifisering frå riksveg til fylkesveg - som kan skje etter at fylkeskommunen har uttala seg - ikkje kan setjast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gjeve av departementet. Fylkesrådmannen legg til grunn at staten i samband med overføringa gjev fylkeskommunane økonomisk kompensasjon for å utbetra dei aktuelle vegstrekningane som ikkje har god nok teknisk standard.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunane vert takststyresmakt for fylkesvegferjene i tråd med det finansielle ansvarsprinsippet.

I høyringsnotatet er det føresett at fylkeskommunane skal tre inn og overta statens finansieringsansvar etter ordninga om "betinga refusjon" i bompengeprojekt på noverande øvrige riksvegar og at fylkeskommunane framleis skal stå ved garantiansvaret sitt på noverande stamvegar. Fylkesrådmannen vil rå til at garantiansvaret etter ordninga om "betinga refusjon" vert overført til vegeigar, som er staten for riksvegar og fylkeskommunen for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen sine merknadar til endringar i vegloven og vegtrafikkloven

Samferdselsdepartementet foreslår i §62 tredje ledd i vegloven, i samband med gjennomføringa av forvaltningsreforma, at Stortinget kan leggja ned og ta opp riksvegar utan å følgja reglane i §§3 og 7 i vegloven. Eg viser til merknaden min ovanfor til "ny lov om overføring av rettigheter og forpliktelser" om at staten i samband med overføringa må gje fylkeskommunane økonomisk kompensasjon for å utbetra dei aktuelle vegstrekningane som ikkje har god nok teknisk standard.

Fylkesrådmannen vil også understreka at omklassifiseringa av vegnettet medfører at fylkeskommunane overtek riksvegferjesamband med gamle ferjer frå slutten av 70 talet, som er lite miljøvenlege og ikkje stettar nye krav til universell utforming. I anbudsgrunnlaga som Statens vegvesen no nyttar i Hordaland, etter mal frå Vegdirektoratet, er det ikkje stilt krav om nytt materiell eller at ferjene skal vera universelt utforma. Fylkeskommunane vil difor om nokre år få store kostnader i "kjølvatnet" av omklassifiseringa av vegnettet på sjøen. Fylkesrådmannen føreset at staten i tida framover også vil økonomisk kompensera fylkeskommunane for desse manglane ved omklassifiseringa, slik at krav i lovar og forskrifter vert stetta.

Enkelte av føringane og forslaga til lovendringer som er gjeve frå Samferdselsdepartementet er naturlege (lovtekniske) endringar som følgjer av endra ansvarsfordeling. Fylkesrådmannen er samd i dei føreslegne endringane i vegloven §2 (om namneendring), §52 (om registrering i grunnboka), §29 (om byggegrense) - og i at ein ikkje endrar klagereglane i vegloven §11.

I høyringsnotatet vert det varsla at det kan verta aktuelt å gje ei rekkje nasjonale føringar knytt til standarden på vegnettet. Fylkesrådmannen er kritisk til at samferdselsdepartementet kjem med pålegg og instruksar for korleis fylkeskommunane skal byggja ut, vedlikehalda, drifta og forvalta det framtidige fylkeskommunale vegnettet. For sterke sentrale føringar vil verka undergravande for forvaltningsreforma som ei lokaldemokrati reform. Fylkeskommunane må ha fridom til å velja arbeidsform og intern organisering i samsvar med prinsippet om rammestyring.

Fylkesrådmannen går i mot at det vert gjeve ein forskriftsheimel i vegloven § 62 for å kunna pålegga respektiv vegstyresmakt å sørgja for og å dekkja utgiftene til at "naudsynte data" fortløpande vert samla inn og rapportert i standardiserte format til vegtrafikkentralane og nasjonale registre. Det må vera opp til vegeigar å kunna definera kva data som er naudsynte for eige bruk.

Fylkesrådmannen går i mot at det vert gjeve heimel i vegloven §16 til å gje forskrifter om minstestandard ved drift og vedlikehald og anna oppfølging av offentleg veg.

Fylkesrådmannen vil prioritera trafikktryggleiksarbeidet høgt på det nye fylkesvegnettet. Men fylkesrådmannen meiner at det ikkje er avgjerande for den vidare utviklinga av trafikktryggleiken, at dette arbeidet vert forskriftsfesta. Fylkesrådmannen vil gå i mot forslaget til §40a andre ledd i vegtrafikkloven om ein heimel for forskrifter om trafikktryggleikstiltak.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ressursar til strategisk planlegging og utgreiingsarbeid vert tilført direkte til fylkeskommunane og ikkje til ein sams vegadministrasjon i Statens vegvesen. Ved ein slik modell vert det eit klårare skille mellom bestillar og utførar. Fylkeskommunane må bli styrka med ressursar knytt til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakkar, budsjett og ferjedrift. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til vedlagde brevet frå KS til Statens vegvesen om "Forvaltningsreformen og konsekvenser for organiseringen av Statens vegvesen".

Fylkeskommunane vert også klageorgan og treng difor auka ressursar til klagehandtering. Klagehandteringa kan uansett ikkje overlatast til ein sams vegadministrasjon.

Fylkesrådmannen vil også rå til at vegdistrikta i Statens vegvesen vert slått saman, slik at dei følgjer fylkesgrensene, og at leiar av fylkesvegkontora bør ha fullmakter i høve til kontakten med fylkeskommunen. Fylkeskommunane har behov for kontinuerleg, jamleg og direkte dialog med Statens vegvesen. For at dialogen skal vera effektiv, er det viktig at leiaren av vegdistriktet har dei naudsynte fullmaktene.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunane overtar ansvaret for å godkjenna bompengepakkar som gjeld lokale og regionale vegar.